



SAKSGANG			
Styre/råd/utval	Møtedato	Sak nr	Saksbeh.
Formannskapet	11.04.2011	018/11	SAP
Utval for helse og skule	13.04.2011	023/11	SAP

Saksansvarleg: Svein Aas Pedersen Arkiv: K1- Arkivsaknr.: 11/1635
033, K2-F39,
K3-&13

Oppfølgingsansvar:

Tidsfrist:

Høyringsuttale om ny busettingsmodell for flyktingar

Vedlegg: Høringsbrev: Forslag til ny bosettingsordning for flyktingar med mål raskere busetting (Barne -, likestillings- og inkluderingsdepartementet)
Vedrørende forslag om ny busettingsmodell – høringssvar frå KS m/følgdebrev

Saksomtale: Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet sendte 31.01.11 ut på høyring forslag til endringar i dagens busettingsordning for flyktingar. **Departementet sitt mål er å få til raskare busetting.** KS har kome med si høyring om saka og denne er sendt til alle norske kommunar. Samstundes oppfordrar KS kommunane til å behandle høyringa politisk og kome med høyringssvar.

Essensen i høyringa går ut på at departementet ønskjer at ventetida frå ein person får vedtak om opphald og til vedkomande er busett i ein kommune skal gå ned. Dei foreslår ulike endringar i busettingsordninga og særleg tydeleg er forslaget om at fylkesmannen (innafor sitt fylke) skal få mandat til å tilvise flyktingar til kommunar dersom kommunane ikkje er samde om å busette det talet dei er anmoda om. Dette bryt med prinsippet om at det er opp til kommunale sjølv å bestemme kor mange flyktingar dei vil busette.

For Bø kommune er det viktig å verne om prinsippet om at det skal vere opp til kommunen sjølv å bestemme kor mange flyktingar den er i stand til å busette. Med nokre få unntak har Bø kommune kvart år tatt imot det talet ein er anmoda om.

Høyringsuttale:

Bø kommune støttar høyringsnotatet frå KS, men ønskjer særleg å peike på følgjande tiltak for å få til raskare busetting:

1. Kommunar som er raskt ute med busetting bør belønnast økonomisk i staden for å bli straffa økonomisk ved sein busetting, slik høyringsnotatet legg opp til.
2. Med tanke på at busettinga går særleg seint i forhold til einslege mindreårige bør det bevilgast meir øyremerkte pengar for denne målgruppa til grunnskule og vidaregåande opplæring. Utdanning er det viktigaste ein kan gje denne gruppa.
3. Staten må satse meir på arbeidsretta tiltak for flyktingar gjennom auka bevilgningar til NAV. Mangel på slike tiltak fører til at ein blir sittande og

- sjå an situasjonen og blir skeptisk til å ta imot ny flyktningar som sit i mottak og ventar på kommune.
4. Det må innførast meir langsiktige og forpliktande avtaler om busetting mellom stat og kommune slik at kommunane veit at dei får eit minimum antall busettingar i avtaleperioden. Det har mykje å seie i forhold til å byggje opp eit mottaksapparat og planlegging av bustadbehov. Ei auke av husbankens ramme til bustadbygging vil vere til hjelp for kommunane.
 5. Det må lagast tilskotsordningar som sikrar at kommunens utgifter dekkast fullt ut.

Rådmannen Høyringsuttala blir godkjent
tilrår:

F-018/11 Som Rådmannen – **samrøystes**.
Vedtak:

Rett utskrift

Dato: 14.04.2011

Kopi til:
Svein Aas Pedersen – for vidare oppfølging